



Avbrotstatistikk 2016

43
2017

R
A
P
P
O
R
T



Rapport nr 43-2017

Avbrotstatistikk 2016

Utgitt av: Norges vassdrags- og energidirektorat
Redaktør: Håvard Hansen
Forfattarar: Håvard Hansen, Eirik Eggum, Astrid Ånestad, Camilla Aabakken

Trykk: NVEs hustrykkeri
Opplag:
Forsidefoto: Kraftleidning Hammeren
ISBN 978-82-410-1596-0
ISSN 1501-2832

Samandrag: Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gir kvart år ut oppdatert statistikk for avbrotdata i det norske kraftsystemet. Statistikken er basert på årleg, fylkesfordelt innrapportering av data frå 117 nettselskap. Statistikken viser avbrot som følgje av driftsforstyrningar og planlagde utkoplingar.

Emneord, nynorsk: avbrot, straumbrot, leveringspålitelegheit, nøkkeltal, sluttbrukar, rapporteringspunkt, levert energi, ikkje levert energi, ILE, KILE

Emneord, bokmål: avbrudd, strømbrudd, leveringspålitelighet, nøkkeltall, sluttbruker, rapporteringspunkt, levert energi, ikke levert energi, ILE, KILE

Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
Internett: www.nve.no

Forord

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjev kvart år ut oppdatert statistikk for avbrotsdata i det norske kraftsystemet. Statistikken er basert på årleg, fylkesfordelt innrapportering av data frå 117 rapporteringspliktige nettselskap. Statistikken viser avbrot som følgje av driftsforstyrningar og planlagde utkoplingar. Rapport med avbrotsstatistikkar er utgjeve kvart år sidan 1995. NVE har funne det formålsteneleg å publisere ein ny rapport for 2016.

NVEs rapport viser avbrotsstatistikk på lands-, fylkes-, spennings-, nett-, nettselskaps- og sluttbrukargruppenivå. Meir detaljert avbrotsstatistikk for enkelte tilknytingspunkt kan sluttbrukarane be om å få direkte frå det tilknytte nettselskapet, jf. § 4-2 i forskrift om leveringskvalitet.

Statistikken har ulike interessegrupper:

- Nettkundane har krav på informasjon frå sitt nettselskap om forventta leveringskvalitet i området. Dette er heimla i energiloven.
- NVE treng informasjonen for å kontrollere at nettselskapa følgjer opp intensjonane i energiloven.
- Nettselskapa treng informasjonen for å planleggje, byggje og drive nettet med ein kvalitet som er tilpassa kundane sine behov.

Formålet med denne publikasjonen er å gje oversiktstal for avbrotsforholda for heile landet, og på fylkes-, nettselskaps- og sluttbrukargruppenivå. Ein målbevisst bruk av feil- og avbrotsstatistikk kan gjere nettverksemda meir effektiv og betre tilpassa behovet til brukarane. Avbrotsstatistikken har vore eit viktig underlag i samband med ordninga med kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje-levert energi (KILE), som blei innført frå 1.1.2001.

Avbrotsstatistikkar for tidlegare år og meir informasjon om rapporteringa som ligg til grunn for avbrotsstatistikken finnast på www.nve.no.

Oslo, mai 2017



Ove Flataker
avdelingsdirektør



Torfinn Jonassen
seksjonssjef

Samandrag

Avbrotstatistikken for 2016 er utarbeidd på grunnlag av data frå 117 rapporteringspliktige nettselskap og ca. 3 millionar sluttbrukarar. Samla levert energi til sluttbrukarane var ca 117,7 TWh. Det inkluderer forbruk som kan koplast ut, men ikkje overføringstap i nettet.


Mengda ikkje-levert energi (ILE), det vil seie den mengda energi som hadde vore levert til sluttbrukarane dersom avbrotet ikkje hadde skjedd, utgjorde 0,13 promille av den totale mengda levert energi. Leveringspålitelegheita var 99,987 % i 2016. Som figuren under syner var 2016 eit normalår.

I 2016 opplevde kvar sluttbrukar i snitt 0,3 varsla langvarige avbrot, og 1,6 langvarige avbrot som ikkje var varsla. 61 % av alle sluttbrukarane i Noreg opplevde minst eitt langvarig avbrot. Langvarige avbrot vil seie avbrot med varigheit over 3 minutt. Kvar sluttbrukar opplevde i gjennomsnitt 2 timar og 9 minutt med langvarige avbrot, medan gjennomsnittleg gjennopprettingstid for avbrota var 1 time og 9 minutt.

I tillegg til langvarige avbrot opplevde sluttbrukarane i snitt 1,7 kortvarige avbrot. Kortvarige avbrot har varigheit mindre enn eller lik 3 minutt. Kvar sluttbrukar opplevde i gjennomsnitt 1 minutt og 12 sekund med kortvarige avbrot, medan gjennopprettingstida for kortvarige avbrot var 42 sekund.

Tal på avbrot og varigheit av avbrota som sluttbrukarane opplever varierer mellom nettselskap, og innan nettselskap.

ALLE AVBROT



Innhold

I	Generelt om NVEs avbrotstatistikk	1
1	Bakgrunn	2
1.1	Kommentarer til statistikken	2
1.2	Nøkkeltal som er rapportert til denne statistikken	3
1.3	Datalagring hos nettselskapa	4
1.4	Samordning mot andre statistikkar	4
1.5	Særskilde forhold som påvirkar statistikken	5
1.6	Viktige begrep	6
2	Historikk for regulering av leveringspålitelegheit	9
II	Avbrotstatistikk for 2016	12
3	Statistikk på landsnivå	14
3.1	Nøkkeltal på landsnivå	14
3.2	Avbrotindikatorar på landsnivå	16
3.3	Leveringspålitelegheit og ikkje levert energi	18
4	Statistikk på spennings- og nettnivå	20
4.1	Historisk fordeling av levert energi per nettnivå	20
4.2	Historisk fordeling av ikkje levert energi per nettnivå	22
4.3	Historisk fordeling av ikkje levert energi per spenningsnivå	24
4.4	Ikkje levert energi per nett- og spenningsnivå i 2016	26
5	Statistikk på fylkesnivå	28
5.1	Historisk fordeling av levert energi per fylke	28
5.2	Fylkeskart for avbrotindikatorar	30
5.3	Ikkje levert energi per fylke	34
5.4	Nøkkeltal og indikatorar per fylke	36
5.5	KILE per nett- og spenningsnivå	38
6	Statistikk på nettselskapsnivå	41
6.1	Nøkkeltal og indikatorar per nettselskap	41
6.2	Ansvarleg konsesjonær	52
6.3	Feilårsak per nettselskap	61
6.4	Avbrot i låspentnettet	78
7	Statistikk på sluttbrukargruppenivå	85
7.1	Nøkkeltal og indikatorar per sluttbrukargruppe	85
7.2	Levert energi per sluttbrukargruppe	88
7.3	Ikkje levert energi per sluttbrukargruppe	88

7.4 KILE per sluttbrukargruppe	90
Vedlegg	91
A Utrekning av sluttbrukarindikatorar	92
B Sluttbrukargrupper, kundegrupper og næringskodar	93
C FASIT-kontaktpersonar	96

Figurar

1.1	Sluttbrukarar på ulike nettnivå	4
3.1	Avbrotssindikatorar på landsnivå, langvarige avbrot	17
3.2	Avbrotssindikatorar på landsnivå, kortvarige avbrot	17
3.3	Ikkje levert energi	19
3.4	Leveringspålitelegheit	19
4.1	Levert energi per nettnivå	21
4.2	Ikkje levert energi per nettnivå	23
4.3	Relativ fordeling av ikkje levert energi per nettnivå	23
4.4	Ikkje levert energi per spenningsnivå	25
4.5	Relativ fordeling av ikkje levert energi på spenningsnivå	25
4.6	Ikkje levert energi fordelt på nett- og spenningsnivå.	27
4.7	Ikkje levert energi fordelt på lågspent distribusjonsnett og spenningsnivå	27
5.1	Levert energi per fylke	29
5.2	Fylkeskart SAIFI 2016	31
5.3	Fylkeskart SAIFI 2005-2014	31
5.4	Fylkeskart SAIDI 2016	32
5.5	Fylkeskart SAIDI 2005-2014	32
5.6	Fylkeskart CAIDI 2016	33
5.7	Fylkeskart CAIDI 2005-2014	33
5.8	Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på varsla- og ikkje varsla avbrot	34
5.9	Ikkje levert energ fordelt fylkesvis på spenningsnivå	35
5.10	Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på nettnivå	35
5.11	KILE fordelt fylkesvis på spenningsnivå	39
5.12	KILE fordelt fylkesvis på nettnivå	40
6.1	Nettselskapsplot for varigheit og tal på langvarige avbrot i perioden 2009-2014	42
6.2	Nettselskapsplot for varigheit og tal på langvarige avbrot i 2016	43
6.3	Nettselskapsplot for varigheit og tal på kortvarige avbrot i perioden 2009-2014	47
6.4	Nettselskapsplot for varigheit og tal på kortvarige avbrot i 2016	48
6.5	Innrapporterte avbrot i lågspentnettet	79
7.1	Levert energi per sluttbrukargruppe	88
7.2	Ikkje levert energi per sluttbrukargruppe, langvarige avbrot	89
7.3	Ikkje levert energi per sluttbrukargruppe, kortvarige avbrot	89
7.4	KILE per sluttbrukargruppe, langvarige avbrot	91
7.5	KILE per sluttbrukargruppen, kortvarige avbrot	91

Tabellar

3.1	Nøkkeltal på landsnivå	15
3.2	Avbrottsindikatorar på landsnivå, langvarige avbrot	16
3.3	Avbrottsindikatorar på landsnivå, kortvarige avbrot	16
4.1	Levert energi per nettnivå	21
4.2	Ikkje levert energi per nettnivå	22
4.3	Ikkje levert energi per spenningsnivå.	24
4.4	Ikkje levert energi fordelt på spenningsnivå for feil og nettnivå i 2016.	26
5.1	Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på spenningsnivå	36
5.2	Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på nettnivå	36
5.3	Nøkkeltal fordelt fylkesvis i 2016, langvarige og kortvarige avbrot.	37
5.4	KILE fordelt fylkesvis på spenningsnivå	39
5.5	KILE fordelt fylkesvis på nettnivå	40
6.1	Avbrottsindikatorar per nettselskap, langvarige avbrot	44
6.2	Avbrottsindikatorar per nettselskap, kortvarige avbrot	49
6.3	Ansvarleg konsesjonær, langvarige avbrot.	53
6.4	Ansvarleg konsesjonær, kortvarige avbrot.	58
6.5	Feilårsak hovedkategorier per nettselskap, 33-420 kV	62
6.6	Feilårsak omgivnadskategoriar per nettselskap, 33-420 kV	66
6.7	Feilårsak hovedkategorier per nettselskap, 1-22 kV	70
6.8	Feilårsak omgivnadskategoriar per nettselskap, 1-22 kV	74
6.9	Utvalde lågspenddata per nettselskap	81
7.1	Nøkkeltal per sluttbrukargruppe, langvarige avbrot	86
7.2	Nøkkeltal per sluttbrukargruppe, kortvarige avbrot	87

Del I

Generelt om NVEs avbrotstatistikk

Kapittel 1

Bakgrunn

Eit av formåla med monopolkontrollen til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er å sikre ei effektiv utøving av nettverksemda, slik at ho kan levere nettenester med tilfredsstillande leveringskvalitet til lågast mogleg kostnad. Overvaking av leveringspålitelegheita i kraftsystemet er soleis ei viktig oppgåve for NVE som regulator for den norske energiforsyninga.

Leveringspålitelegheit er ein del av omgrepet *leveringskvalitet* og vert definert som evna kraftsystemet har til å levere elektrisk energi til sluttbrukarane. Leveringspålitelegheit er knytt til hyppigheita og varigheita på avbrota. *Avbrot* vert definert som ein tilstand karakterisert ved utelaten levering av elektrisk energi til éin eller fleire sluttbrukarar, der forsyningsspenninga er under 5 % av det avtalte spenningsnivået. Vidare vert avbrot klassifisert i kortvarige og langvarige avbrot med varigheit på høvesvis inntil tre minutt og lengre enn tre minutt. Reglar for registrering og rapportering av avbrot er gjeve i kapittel 2A i *forskrift 30. november 2004 nr. 1557 om leveringskvalitet i kraftsystemet*.

1.1 Kommenterar til statistikken

Denne rapporten vert utgjeven berre éin gong. Dersom det vert behov for å oppdatere/korrigere, vert det publisert på www.nve.no.

Rapporten er delt i to. Del 1 presenterar nødvendig bakgrunnsinformasjon for å lese statistikken og historikk for regulering av leveringspålitelegheit. I Del 2 er avbrotsstatistikk for 2016 presentert.

Innrapporterte data og pålitelegheit

Registrering og rapportering av langvarige avbrot vart obligatorisk for selskapa allereie i 1995. Den økonomiske incentivbaserte reguleringa av langvarige avbrot (kvalitetsjustering av inntektsramma ved ikkje-levert energi – ”KILE-ordninga”) vart først innført i 2001. Det er grunn til å tru at selskapa var mindre nøye med registrering og rapportering før KILE-ordninga tredde i kraft. Vidare vart det i år 2000 implementert ein standardisert modell for å berekne ikkje-levert energi. Det sikrar i større grad at ulike selskap bereknar ikkje-levert energi basert på like føresetnader. Mengda ikkje-levert energi som er rapportert, kan derfor antas å vere meir påliteleg frå år 2000 enn for tidlegare år. Det er elles knytt ekstra usikkerheit til året 1995 ettersom det var det første året selskapa skulle registrere avbrotsdata.

Tilsvarande hypotese om nøyaktigheit kan ein gjere for kortvarige avbrot, som det vart obligatorisk å registrere og rapportere frå og med 2006. KILE-ordninga vart endra frå og med 2009. Frå då av er KILE berekna på grunnlag av avbroten effekt [kW] i staden for ikkje-levert energi [kWh]. Frå same tidspunktet vert KILE dessutan berekna på grunnlag av både kortvarige og langvarige avbrot. Dermed er det grunn til å tru at rapporteringa for kortvarige avbrot har blitt meir nøyaktig frå og med rapporteringsåret 2009.

Når avbrot får direkte økonomiske konsekvensar, vert det eit større press internt i selskapa og mellom selskapa på at avbrot må registrerast og rapporterast korrekt. Dette er naturleg nok òg viktig ved hendingar der fleire selskap er involverte, slik at ansvaret vert plassert hjå rett selskap.

Kostnader i samband med kvalitetsjusterte inntektsrammer for ikkje-levert energi (KILE) er oppgjeven i 2012-kroner. Dei KILE-kostnadene som er presenterte i rapporten, er berre foreløpige tal og kan bli endra seinare når eventuell usemje om kven som er ansvarleg konsesjonær er endelig avklart. Spesifikke avbrotskostnader ved ikkje levert energi er omtalt i kapittel 9 i forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar.

Det hender at NVE får inn korreksjonar til statistikkar som allereie er utgjevne. Det er gjerne frå nettselskap som oppdagar feil i innrapporterte data, eventuelt nye avklaringar om ansvarstilhøve i samband med avbrot. Slike korreksjonar vert lagde inn i databasen til NVE. Det er dei korrigererte verdiane som seinare vert brukte i statistikkar. Til dømes vil data frå 2014 som er oppgitt i denne rapporten, vere meir korrekte enn data frå den opphavlege rapporten frå 2014.


1.2 Nøkkeltal som er rapportert til denne statistikken

Frå og med 1.1.2014 er rapporteringspunkt definert som tilknytningspunkt med levering direkte til sluttbrukar. Før dette var rapporteringspunkt definert som lågspennings sida av fordelingstransformator eller i punkt i nettet for høgspenningslevering direkte til sluttbrukar. Endringa fører til at alle avbrot som skyldast hendingar i lågspenningsnettet skal rapporterast til NVE. Talet på avbrot vil ikkje auke særleg, da hendingar i lågspenningsnettet er mindre vanleg og kvar hending påverkar få sluttbrukarar samanlikna med dei høgare spenningsnivåa. Ein *sluttbrukar* er definert som ein som kjøper elektrisk energi utan å selje han vidare, sjå Figur 1.1. Det er berre tilgjengeleg avbrotdata på sluttbrukargruppenivå frå og med 2005.

Følgjande nøkkeltal er rapportert inn for langvarige og kortvarige avbrot:

- Netto mengd elektrisk energi (eksklusive tap i nettet levert til sluttbrukar i rapporteringsåret.
- Talet på rapporteringspunkt (sluttbrukarar) i rapporteringsområdet, talet på sluttbrukarar som har opplevd avbrot og summerte avbrotindikatorar for rapporteringsområdet.
- Samla tal på avbrot, varigheit på avbrot, avbroten effekt ved avbrot, mengde ikkje levert energi ved avbrot og KILE for avbrot som følgje av driftsforstyringar og planlagde utkøplingar.
- For spenningsnivå over 1 kV skal årsak, dato, varigheit og ikkje levert energi for kvart avbrot rapporterast.

Dei ovannemnde nøkkeltala er ulikt kategoriserte på mellom anna hendingar i eige nett kontra andre sine nett, langvarige- kontra kortvarige avbrot, varsla kontra ikkje-varsla avbrot, nettnivå, spenningsnivå, sluttbrukargrupper og standard KILE kontra individuelle KILE-avtaler.



Figur 1.1: Sluttbrukarar (SB) på ulike nettnivå.

Spenningsnivå beskriv kor feilen oppstod, medan nettnivå beskriv kor sluttbrukarane er kopla til (sentralnett, regionalnett eller distribusjonsnett). KILE skal rapporterast både for standard satsar og ved individuelle avtalar. Dette går fram av dei ulike statistikkane som er presenterte i Del 2.

1.3 Datalagring hos nettselskapa

Nettselskapa skal lagre data frå registreringane av avbrotsdata i ti år, jf. forskrift om leveringskvalitet § 2A-1 fjerde ledd. Nettselskapa har informasjonsplikt gjennom § 4-2 i same forskrift. For å kunne oppfylle denne plikta på ein tilfredsstillande måte er det nødvendig med eit visst statistisk underlag.

1.4 Samordning mot andre statistikkar

Historisk har det vore eit skilje mellom utarbeiding av feilstatistikk og avbrotsstatistikk. Statistikkane har noko forskjellig bruksområde, og utfyller kvarandre.

Feilstatistikk er systemorientert og beskriv alle hendingar i nettet anten dei får følgjer for sluttbrukaren eller ikkje. Denne typen statistikk er først og fremst meint for nettplanleggjarar, driftspersonell og andre fagfolk innanfor elektrisitetsforsyninga.

Avbrotsstatistikk er sluttbrukarorientert og beskriv dei hendingane (driftsforstyrningar eller planlagde utkoplingar) som fører til avbrot for sluttbrukarar, og er soleis eit mål på kor påliteleg elektrisitetsforsyninga er. Det kan likevel vere nyttig i ein avbrotsstatistikk å presentere kva som er årsaka til dei avbrota som oppstår. Dermed vil feilanalyse òg vere nyttig med tanke på å produsere ein tilfredsstillande avbrotsstatistikk. I denne utgåva av avbrotsstatistikk presenterer NVE òg årsaka til dei avbrota sluttbrukarane opplever.

For 2016 vert det utarbeidd tre landsstatistikkar som er viktige for oppfølginga av leveringskvaliteten i det norske kraftsystemet:

1. "Årsstatistikk 2016. Driftsforstyrrelser og feil i 33-420 kV-nettet", utgjeven av Statnett

2. "Årsstatistikk 2016. Driftsforstyrrelser, feil og planlagte utkoplinger i 1-22 kV-nettet", utgjeven av Statnett
3. "Avbrotstatistikk 2016", utgjeven av NVE

Innrapportering av feil- og avbrotdata skjer med bakgrunn i programvare installert hjå nettselskapa som tilfredsstiller forskrift om leveringskvalitet og FASIT-kravspesifikasjon. FASIT-kravspesifikasjon blir utgjeven av Energi Norge AS ved EnergiAkademiet.

For å sikre god samordning mellom dei nemnde statistikkane og ei tilfredsstillande utvikling av FASIT-kravspesifikasjon har NVE, Statnett SF og Energi Norge v/EnergiAkademiet oppretta *Referansegruppe for feil og avbrudd* med det formålet å vere eit rådgivande organ for myndigheter og bransjen når det gjeld registrering og bruk av data for feil og avbrot. Denne gruppa består elles av representantar frå SINTEF Energiforskning og tre ulike nettselskap. Nyheiter og avklaringar frå referansegruppa for feil og avbrot publiserast på www.fasit.no

Som eit bidrag til å skape ein ryddig og mest mogleg eintydig språkbruk i samband med statistikkane blei det våren 1998, i regi av referansegruppa, utgjeve eit hefte med definisjonar av ein del sentrale begrep som vert nytta i statistikksamanheng. Hftet vert utgjeve i ei revidert utgåve i 2001. Seinare er relevante definisjonar knytte til avbrot implementerte i forskrift om leveringskvalitet. Definisjonane som er nytta i denne publikasjonen, er i hovudsak henta frå § 1-4 i forskrift om leveringskvalitet.

1.5 Særskilde forhold som påverkar statistikken

Generelt viser avbrotstatistikken at mengda varsla avbrot har vorte mindre, og har ein relativt stabil trend. Likevel vil statistikken for enkelte år vise tilfelle der avbrotdata for ikkje varsla avbrot er mykje høgare enn venta for eit aktuelt område. Slike avvik kan som oftast forklarast ved at det har oppstått særskilde tilhøve som har påverka statistikken. Døme på slike tilhøve dei seinare åra er:

Uvêr på Sør-Austlandet i desember 2003 resulterte i ei betydeleg auke i talet på og varigheita for langvarige, ikkje-varsla avbrot i distribusjonsnettet, som medførte ei stor mengd ikkje-levert energi.

Orkanen *Narve* i januar 2006 resulterte i større mengder ikkje-levert energi for Troms fylke.

Ein kraftig snøstorm i februar 2006 på Sørlandet medførte langvarige avbrot i sentralnettet i Aust-Agder.

I januar 2007 oppstod det havari på grunn av vind og ising i 66 kV-nettet til Nord-Salten kraftlag, noko som førte til svært langvarige avbrot for sluttbrukarar i Steigen kommune.

I januar 2008 herja stormen *Sondre* over Møre og Romsdal. Ein dempelooop i 420 kV-nettet mellom Viklandet og Fræna losna. Det gav redusert forsyning til Nyhamna og industrianlegget Ormen Lange. På grunn av vêrforholda nådde ikkje menneskap fram for å rette feilen før etter to døgn.

I romjula 2011 feia stormen *Dagmar* over Nord-Vestlandet og Austlandet. 421 000 kundar vart råka av straumbrot som vara i over ein time. Over 35 000 kundar var straumlaus i over 24 timar og om lag 10 000 kundar var straumlaus i over 48 timar. I etterkant av *Dagmar* utarbeidde NVE tre rapportar om hendinga som er tilgjengeleg på NVE sine heimesider. Sjå rapportane nummer

2012:3, 2012:41 og 2012:45.

I tillegg til *Dagmar* var det fleire andre store hendingar i 2011. I januar oppstod ein feil i Frogner transformatorstasjon som førte til at 30 000 kundar var utan straum i om lag 1,5 time. I februar oppstod ein feil i Hasle transformatorstasjon som førte til at 73 000 kundar var utan straum i om lag 1,5 time. I mai oppstod ein feil i Finnfjordbotn som råka 10 000 kundar og eit smelteverk var utan straum i 8,5 timar. I september blei 100 000 kundar i Nordre Helgeland og Salten stramlause i 15-60 minutt. I tillegg til at stormen *Berit* traff Nord-Norge i november.

I 2012 var det få store enkelthendingar, men det er verd å nemne ei hending i april som førte til at heile Vega i Nordland var stramlause i to døgn. Nettselskapa som vart råka av *Dagmar* i 2011 hadde ein del avbrot i 2012 som skyldast opprydding etter stormen.

I mars 2013 oppsto kraftig vind som ga utfall av sentralnettet til Nyhamna og førte til at Ormen Lange-anlegget fekk redusert forsyning. Mengda ikkje levert energi ved dette avbrotet var omlag 30 prosent av total ILE for heile landet. I november 2013 blei Trøndelag og Nordland ramma av uvêret *Hilde*, Trøndelag og delar av Nordvestlandet vart også ramma av uvêret *Ivar* i desember 2013.

2014 var eit år prega av mykje tordenvêr både i summarmånadane, og i desember under uvêret Mons. Det var ikkje utprega mykje ekstremvêr i 2014, sjølv om fleire større uvêr førte til utfall av 132 kV og 420 kV-linjer i Midt- og Nord-Norge. Store brannar i det tørre vêret i januar har hatt stor påverknad på avbrotsdataa til enkeltelskap.

For 2015 førte ekstremværene *Nina* i januar og *Ole* i februar til at meir enn 60 % av ikkje levert energi for 2015 kom i årets to fyrste månader. *Ole* råka Nord-Noreg og førte til at 50 000 sluttbrukarar var utan straum.

I 2016 vart Noreg råka av to stormar med orkan styrke. *Tor* i slutten av januar og *Urd* i desember førte til høvesvis 184 000 og 150 000 avbrot. *Tor* førte til færre avbrot enn forventast av eit slik uvêr, som skuldas ein gunstig vindretning som gav få trefall. Inga av desse uvêra gav svært lange avbrot slik som i 2015. Vêrfenomenet kystkonvergens gav store mengder nedbør på Sørlandet i november. I Aust-Agder ble det gjort observasjonar på 100-143 cm snøfall. Våt snø har medført tung snø- og islast på kraftlinjer og trær. To selskap hadde 86 000 avbrot under hendinga. Av desse varte 6000 meir enn 24 timar.

Sjå rapporten *Driften av Kraftsystemet 2016* på nve.no for ytterlege detaljar om hendingar i kraftsystemet i 2016.

1.6 Viktige begrep

Avbrot

Ikkje levert energi (ILE): Beregna mengd energi som ville ha blitt levert til sluttbrukar dersom svikt i leveringa ikkje hadde inntreffe.

Levert Energi (LE): Netto mengde energi levert til sluttbrukar, eksklusive tap i nettet, målt hos sluttbruker og identisk med avregnet mengde.

Ikkje varsla avbrot: Avbrot som skyldast planlagt utkopling der råka sluttbrukarar er informert på forhand.

Varsla avbrot: Avbrot som skyldast driftsforstyrningar eller planlagt utkopling der råka sluttbrukarar ikkje er informert på forhand.

Langvarige avbrot: Avbrot med ein avbrotssvarighet over 3 minuttar.

Kortvarige avbrot: Avbrot med ein avbrotssvarighet mindre eller lik 3 minuttar.

Nett- og spenningsnivå

Registrert spenningsnivå er der feilen oppstår, medan registrert nettnivå er der dei råka sluttbrukarane er tilknytta. Til dømes vil ein feil i 132 kV nett som fører til avbrot for sluttbrukarar i lågspent distribusjonsnett bli registrert med spenningsnivå 132 kV og nettnivå lågspent distribusjon.

Dei seks nettnivåa er delte inn i sentralnett, regionalnett, tre ulike høgspent distribusjonsnett: luftnett, blanda nett og kabelnett, og lavspent distribusjonsnett. I 2014 vart rapporteringspunktet for fyrste gong flytta direkte til tilknytningspunktet for sluttbrukarar. Den største delen levert energi som tidlegare var rapportert i høgspent distribusjonsnett er frå 2014 rapport i lågspent distribusjonsnett.

Forklaring på type nettnivå:

1. Snett: Sentralnett
2. Rnett: Regionalnett
3. Dnett HS luft: Høgspent distribusjonsnett som inneheld meir enn 90 % luftleidning (målt i km)
4. Dnett HS blanda: Høgspent distribusjonsnett som inneheld mindre enn 90 % luftleidning og 90 % kabel (målt i km) i forhold til total nettlengd
5. Dnett HS kabel: Høgspent distribusjonsnett som inneheld meir enn 90 % kabel (målt i km)
6. Dnett LS: Lågspent distribusjonsnett

Spenningsnivå nytta i rapporteringa:

- 420 kV
- 220-300 kV
- 132 kV
- 33-110 kV
- 1-22 kV
- <1 kV

KILE og sluttbrukargrupper

I det enkelte nettselskap sitt kostnadsgrunnlag inngår eit element, KILE (kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje levert energi), for å internalisere sluttbrukarane sine avbrotskostnader i nettselskapa sine bedriftsøkonomiske vurderingar. Fram til 2009 omfatta KILE-ordninga berre langvarige avbrot, dvs. avbrot med varigheit over tre minuttar, og KILE-kostnader vart berekna med utgangspunkt i faste satsar for ulike sluttbrukargrupper. Frå og med 2009 omfattar KILE-ordninga også kortvarige avbrot, og KILE-kostnader berenast ved kostnadsfunksjonar som tar

omsyn til at avbrotets varigheit, og tidspunktet det inntreff har stor betydning for verdien av dei aktuelle avbrotskostnadene.

Konsesjonær kan inngå individuelle avtale med sluttbrukar om utbetaling av avbrotskostnader som omfattast av KILE-ordninga. Oftast er det dei større kundane som har individuelle avtaler. Detaljer rundt regelverket for individuelle avtaler for utbetaling av avbrotskostander finnast i forskrift 11. mars 1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar.

Oversikt over dei ulike sluttbrukargrubbene er gjeven i vedlegg B.

Avbrotsindikatorar

Avbrotshyppigheit og -varigheit vert skildra ved hjelp av avbrotsindikatorar som er standard i dei fleste europeiske land. Frå og med 2005 (for langvarige avbrot) og 2006 (for kortvarige avbrot) innførte NVE krav om at frekvensen og varigheita på avbrota òg skulle rapporterast referert til talet på sluttbrukarar. Sjå vedlegg A for detaljer rundt utrekning av sluttbrukarindikatorane.

SAIFI: Avbrot i snitt per sluttbrukar.

CAIFI: Avbrot i snitt per råka sluttbrukar.

SAIDI: Gjennomsnittleg avbrotsvarigheit per sluttbrukar.

CAIDI: Gjennomsnittleg gjennomopprettingstid per avbrot. $CAIDI = SAIDI / SAIFI$.

CTAIDI: Gjennomsnittleg avbrotsvarigheit per påverka sluttbrukar.

Kapittel 2

Historikk for regulering av leveringspålitelegheit

Historikk knytt til NVEs regelverk for feilanalyse og rapportering av avbrot, feil og driftsforstyrningar kan i korte trekk summerast slik:

I 1991 tredde energilova i kraft. Formålet med den er å sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi går føre seg på ein samfunnsmessig rasjonell måte. Når ein vurderer samfunnsmessig rasjonalitet og samfunnsøkonomisk optimalisering, er kostnadene samfunnet har ved avbrot i forsyninga eit viktig element. Krav om informasjon om forventa leveringskvalitet blei innført. Forskingsresultat om kostnader sluttbrukarane har i samband med avbrot, låg føre på bakgrunn av ei nasjonal spørjeundersøking.

I 1995 vart det innført obligatorisk rapportering av spesifiserte nøkkeltal for langvarige avbrot, jf. rundskriv til nettselskapa 2.12.1994. Det vart innført eit standardisert registrerings- og rapporteringssystem for feil og avbrot i kraftsystemet. Systemet, som har ein eigen kravspesifikasjon, fekk namnet FASIT (feil- og avbrotstatistikk i totalsystemet) og omfattar mellom anna felles terminologi, strukturering og klassifisering av data, og felles oppteljingsreglar. Rapportering av nøkkeltal for avbrot skal alltid følgje gjeldande kravspesifikasjon for FASIT. Krav til registrering og rapportering vart avgrensa til å gjelde langvarige avbrot som følgje av hendingar i høgspenningsnettet. Sluttbrukarane vart rapporterte som éi sluttbrukargruppe.

Obligatorisk rapportering til systemansvarleg av avbrot og driftsforstyrningar i nettanlegg med spenning frå og med 110 kV vart innført 1.1.1995, jf. retningslinjer for systemansvaret i kraftsystemet datert desember 1994.

I 1997 vart den obligatoriske rapporteringa til systemansvarleg av feil og driftsforstyrningar utvida til å gjelde nettanlegg med spenning frå og med 33 kV til og med 420 kV, jf. retningslinjer for systemansvaret datert mai 1997.

NVE innførte same året inntektsrammeregulering av nettselskapa. Det gav nettselskapa sterke incentiv til å redusere kostnadane sine. Det vart derfor viktig å utvikle eit regelverk for å hindre at effektiviseringa til selskapa skulle føre til utilfredsstillande leveringskvalitet.

I 2000 vart regelverket for avbrot rapportering revidert og samtidig forskriftsfesta ved at endringar i forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar vart sett i verk. Den viktigaste endringa i regelverket med omsyn til avbrotstatistikk var innføringa av ein standardisert metode for å berekne ikkje-levert energi (ILE). Sluttbrukarane

blei kategoriserte i 26 sluttbrukargrupper.

I 2001 innførte NVE kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje-levert energi (KILE). KILE-ordninga er ei incentivregulering som gjev nettselskapa økonomisk motivasjon til rett ressursallokering innanfor dei rammene og vilkåra som myndigheitene elles har sett. KILE-ordninga er ikkje ei kompensasjonsordning for sluttbrukarar, men gir nettselskapa incentiv til å byggje, drive og utvikle nettet med ei samfunnsøkonomisk optimal leveringspålitelegheit. KILE-ordninga inneber at nettselskapa internaliserer kostnadane sluttbrukarane har i samband med avbrot, i dei bedriftsøkonomiske analysane sine. For å kunne innføre KILE-ordninga i den forma ho blei innført, var det heilt nødvendig å ha tilgjengeleg eit statistisk underlag for leveringspålitelegheita i det norske kraftsystemet, jf. innføringa av avbrot rapportering frå og med 1995. Ved innføringa av KILE-ordninga vart sluttbrukarane delte i to ulike kundegrupper etter spesifikke avbrotkostnader (KILE-satsar). Dei spesifikke avbrotkostnadene var med bakgrunn i forskingsresultat baserte på ei nasjonal spørjeundersøking frå 1991.

I 2002 vart rapportering til systemansvarleg av feil, driftsforstyringar og resultat frå feilanalyse i nettanlegg med spenning frå og med 33 kV til og med 420 kV forskriftsfesta ved innføring av forskrift om systemansvaret iverksett 17.5.2002. I den same forskrifta frå same tidspunktet vart det innført krav til feilanalyse for konsesjonærar i eige distribusjonsnett.

Driftsforstyringar som førte til redusert leveringskapasitet for sluttbrukarar tariffert i regional- og sentralnettet, skulle frå no registrerast som avbrot, jf. endring i forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar, iverksett 1.1.2002.

I 2003 vart KILE-ordninga endra ved at sluttbrukarane vart delte inn i seks ulike kundegrupper når det gjaldt KILE-satsar. Bakgrunnen for det var resultat frå ei oppdatert nasjonal spørjeundersøking som låg føre i 2002. Talet på sluttbrukargrupper blei utvida til 27.

I 2005 vart forskrift om leveringskvalitet sett i verk. Det vart innført obligatorisk registrering av spesifiserte nøkkeltal for kortvarige avbrot.

I 2006 vart regelverket for avbrot rapportering flytta frå forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar til forskrift om leveringskvalitet. Kortvarige avbrot skulle frå då av registrerast i FASIT etter tilsvarende mal som for langvarige avbrot, og rapporterast til NVE.

I 2007 vart det gjort nokre endringar i forskrift om systemansvaret når det gjaldt feilanalyse. Konsesjonærar skulle frå då av utføre feilanalyse av alle driftsforstyringar i eige hogspenningsdistribusjonsnett, og rapportere dei til systemansvarleg.

KILE-satsane for kundegruppene er justerte frå og med 1. januar 2007.

Frå og med 2007 skulle den årlege inntektsramma kvalitetsjusterast som følgje av avbrotkostnader for tilknytte sluttbrukarar for både kortvarige og langvarige avbrot.

KILE er frå og med 2009 berekna på grunnlag av avbroten effekt og spesifiserte kostnadsfunksjonar for dei ulike kundegruppene.

Frå og med 2009 vart det innført 36 sluttbrukargrupper og 2 undergrupper. Denne endringa vart utført for å tilpasse sluttbrukargruppene til den nye næringskodestandarden SN2007. Bakgrunnen for den nye standarden er gjeven av Statistisk sentralbyrå.

I desember 2012 vedtok NVE endringar i definisjonen av rapporteringspunkt og endringa trådde i kraft 1.1.2014. Frå og med 2014 tilsvarar rapporteringspunkt tilknytingspunkt med levering direkte til sluttbrukar. Endringa fører til at alle avbrot som skyldast hendingar i lågspenningsnettet skal rapporterast til NVE.

I desember 2013 vedtok NVE endringar i kostnadsfunksjonane for utrekning av KILE. Endringa tredde i kraft 1.1.2015.

Del II

Avbrottsstatistikk for 2016

Innleiing

Her blir statistikk frå innrapporterte data presentert. Statistikken er fordelt på lands-, spennings-/nett-, fylkes-, selskaps- og sluttbrukargruppenivå.

I statistikken på lands- og fylkesnivå er det berre teke omsyn til langvarige avbrot ved berekning av ILE. Når det gjeld andre avbrotsdata, som talet på avbrot, avbrotsvarigheit og avbroten effekt, er det presentert data for både langvarige og kortvarige avbrot.

Data for kortvarige avbrot er berre tilgjengelege frå og med 2006, medan data for langvarige er tilgjengelege frå og med 1995.

Kapittel 3

Statistikk på landsnivå

3.1 Nøkkeltal på landsnivå

Tabell 3.1 viser utvalde nøkkeltal for langvarige og kortvarige avbrot på landsnivå.

For sluttbrukarar var det i gjennomsnitt 1,9 langvarige avbrot ($SAIFI_L$). Dette er summen av varsla og ikkje-varsla avbrot. Kvar sluttbrukar opplevde i gjennomsnitt 2 timar og 9 minutt med langvarige avbrot i 2016 ($SAIDI_L$). Den gjennomsnittlege gjenopprettingstid per sluttbrukaravbrot var 1 time og 9 minutt ($CAIDI_L$). Berekna mengde ikkje-levert energi (ILE) på grunn av langvarige avbrot utgjorde 14725 MWh, det vil seie 0,13 promille av levert energi til sluttbrukarane.

Det gjennomsnittlege talet på kortvarige avbrot for sluttbrukarane var 1,7 ($SAIFI_K$). Dette er summen av varsla og ikkje-varsla avbrot. Kvar sluttbrukar opplevde i gjennomsnitt 1 minutt og 12 sekund med kortvarige avbrot ($SAIDI_K$). Gjennomsnittleg gjenopprettingstid per sluttbrukaravbrot var på 42 sekund ($CAIDI_K$). Berekna mengd ikkje-levert energi på grunn av kortvarige avbrot utgjorde ca. 151 MWh. Det utgjør 0,1 % av total ILE.

Tabell 3.1: Nøkkeltal på landsnivå. Antall sluttbrukarar, levert energi (LE) og Ikkje levert energi (ILE) for kortvarige og langvarige avbrot f.o.m. 1996. Krav om rapportering av kortvarige avbrot ble innført i 2006.

År	Tal på sluttbrukarar (SB)	Levert energi (LE)	Ikkje levert energi (ILE) - Langvarige avbrot									Ikkje levert energi (ILE) - Kortvarige avbrot								
			ILE i MWh			ILE i kWh / SB			ILE i % av LE			ILE i MWh			ILE i kWh / SB			ILE i % av LE		
			Ikkje-			Ikkje-			Ikkje-			Ikkje-			Ikkje-			Ikkje-		
			Varsla	varsla	Totalt	Varsla	varsla	Totalt	Varsla	varsla	Totalt	Varsla	varsla	Totalt	Varsla	varsla	Totalt	Varsla	varsla	Totalt
1997	1 994	101 987 297	15 412	20 218	35 630	7,7	10,1	17,9	0,15	0,20	0,35									
1998	2 084	106 228 462	12 154	11 674	23 828	5,8	5,6	11,4	0,11	0,11	0,22									
1999	2 222	106 524 903	11 440	17 345	28 784	5,1	7,8	13,0	0,11	0,16	0,27									
2000	2 311	104 192 653	8 395	16 464	24 860	3,6	7,1	10,8	0,08	0,16	0,24									
2001	2 370	108 361 004	4 797	12 350	17 147	2,0	5,2	7,2	0,04	0,11	0,16									
2002	2 447	107 813 798	4 623	12 672	17 294	1,9	5,2	7,1	0,04	0,12	0,16									
2003	2 471	105 571 735	4 757	15 604	20 360	1,9	6,3	8,2	0,05	0,15	0,19									
2004	2 520	109 459 330	4 327	10 342	14 669	1,7	4,1	5,8	0,04	0,09	0,13									
2005	2 606	111 804 365	5 615	9 257	14 871	2,2	3,6	5,7	0,05	0,08	0,13									
2006	2 623	107 103 773	4 093	11 763	15 855	1,6	4,5	6,0	0,04	0,11	0,15									
2007	2 697	109 667 540	4 665	10 112	14 777	1,7	3,7	5,5	0,04	0,09	0,13	6	148	154	0,00	0,05	0,06	0,0001	0,0013	0,0014
2008	2 750	109 742 853	4 144	11 338	15 482	1,5	4,1	5,6	0,04	0,10	0,14	20	202	222	0,01	0,07	0,08	0,0002	0,0018	0,0020
2009	2 750	107 142 006	3 644	8 908	12 552	1,3	3,2	4,6	0,03	0,08	0,12	9	149	158	0,00	0,05	0,06	0,0001	0,0014	0,0015
2010	2 780	111 481 495	3 675	7 509	11 184	1,3	2,7	4,0	0,03	0,07	0,10	15	139	154	0,01	0,05	0,06	0,0001	0,0012	0,0014
2011	2 782	107 043 352	3 956	33 418	37 374	1,4	12,0	13,4	0,04	0,31	0,35	6	195	201	0,00	0,07	0,07	0,0001	0,0018	0,0019
2012	2 788	110 697 366	3 817	7 970	11 787	1,4	2,9	4,2	0,03	0,07	0,11	6	155	161	0,00	0,06	0,06	0,0001	0,0014	0,0015
2013	2 872	112 117 671	3 799	24 623	28 422	1,3	8,6	9,9	0,03	0,22	0,25	7	194	201	0,00	0,07	0,07	0,0001	0,0017	0,0018
2014	2 929	114 440 857	4 285	12 320	16 605	1,5	4,2	5,7	0,04	0,11	0,15	8	210	218	0,00	0,07	0,07	0,0001	0,0018	0,0019
2015	2 953	116 061 574	4 475	16 353	20 828	1,5	5,5	7,1	0,04	0,14	0,18	7	180	187	0,00	0,06	0,06	0,0001	0,0016	0,0016
2016	2 998	117 683 860	4 090	10 635	14 725	1,4	3,5	4,9	0,03	0,09	0,13	6	145	151	0,00	0,05	0,05	0,0001	0,0012	0,0013

3.2 Avbrottsindikatorar på landsnivå

Historisk utvikling for sluttbrukarindikatorane er presentert i Figur 3.1 og Figur 3.2, for høvesvis langvarige og kortvarige avbrot. Indikatorane er nærmare forklart i avsnitt 1.6.

Tabell 3.2 og Tabell 3.3 viser avbrottsindikatorar på sluttbrukarnivå for høvesvis langvarige og kortvarige avbrot, delt opp i varsla (V), ikkje-varsla (IV) og sum varsla og ikkje-varsla (TOT). Tilsvarende indikatorar er tilgjengelege for enkeltsselskap og er dermed godt eigna for å samanlikne selskap og for å sjå utviklinga i talet på og varigheita av avbrot over tid. I kapittel 6 er utvalde data presentert per nettselskap.


Tabell 3.2: Avbrottsindikatorar på landsnivå for langvarige avbrot, alle spenningsnivå

År	SAIFI [tal på avbrot/ sluttbrukar]			CAIFI [tal på avbrot/ påverka sluttbrukar]			SAIDI [minutt/sluttbrukar]			CAIDI [minutt/avbrot]			CTAIDI [minutt/ påverka sluttbrukar]		
	V	IV	TOT	V	IV	TOT	V	IV	TOT	V	IV	TOT	V	IV	TOT
2007	0,3	1,7	2,0	1,7	2,8	3,1	46,4	94,9	141,2	147,5	55,7	70,1	249,7	154,2	215,2
2008	0,3	1,8	2,1	1,8	3,1	3,3	43,7	103,7	148,3	138,0	58,1	70,3	243,8	180,3	234,7
2009	0,3	1,6	1,8	1,7	2,6	2,9	39,9	82,1	121,7	147,5	52,8	66,8	248,4	137,0	190,5
2010	0,3	1,3	1,6	1,6	2,4	2,6	36,7	63,8	100,8	142,5	48,6	63,9	228,9	114,3	167,2
2011	0,3	2,4	2,7	1,7	3,9	4,1	40,7	220,1	260,8	146,3	90,4	96,1	244,5	349,2	396,8
2012	0,3	1,4	1,6	1,6	2,6	2,9	40,9	65,8	106,2	151,1	48,3	65,3	246,5	127,7	188,7
2013	0,3	2,0	2,2	1,7	3,3	3,5	37,6	143,8	181,2	146,0	73,2	81,9	242,7	238,7	287,6
2014	0,3	2,2	2,4	1,6	3,5	3,7	43,1	118,1	161,1	148,7	54,8	66,0	245,2	192,0	247,0
2015	0,3	1,9	2,2	1,6	3,0	3,3	44,0	128,8	172,8	146,9	69,0	79,9	234,8	208,8	261,2
2016	0,3	1,6	1,9	1,5	2,9	3,1	41,1	87,7	128,8	137,6	55,3	68,4	206,9	160,7	212,6

Tabell 3.3: Avbrottsindikatorar på landsnivå for kortvarige avbrot, alle spenningsnivå


År	SAIFI [tal på avbrot/ sluttbrukar]			CAIFI [tal på avbrot/ påverka sluttbrukar]			SAIDI [minutt/sluttbrukar]			CAIDI [minutt/avbrot]			CTAIDI [minutt/ påverka sluttbrukar]		
	V	IV	TOT	V	IV	TOT	V	IV	TOT	V	IV	TOT	V	IV	TOT
2007	0,1	1,8	1,9	1,7	3,8	3,9	0,1	1,4	1,4	1,1	0,8	0,8	1,8	2,9	3,0
2008	0,1	2,0	2,1	1,8	4,3	4,3	0,1	1,6	1,7	1,1	0,8	0,8	2,0	3,3	3,4
2009	0,07	1,71	1,78	1,8	3,7	3,8	0,1	1,2	1,2	1,0	0,7	0,7	1,7	2,5	2,6
2010	0,1	1,5	1,5	1,7	3,4	3,4	0,1	1,0	1,1	1,0	0,7	0,7	1,8	2,3	2,4
2011	0,1	2,4	2,5	1,7	4,7	4,8	0,1	1,7	1,7	0,9	0,7	0,7	1,5	3,3	3,4
2012	0,1	1,6	1,6	1,9	3,7	3,8	0,1	1,2	1,3	0,9	0,8	0,8	1,8	2,9	2,9
2013	0,1	1,9	2,0	1,9	4,1	4,2	0,1	1,4	1,5	1,1	0,8	0,8	2,1	3,1	3,2
2014	0,1	2,1	2,2	2,0	4,2	4,2	0,1	1,8	1,8	0,9	0,8	0,8	1,8	3,4	3,5
2015	0,1	1,9	1,9	2,1	4,3	4,4	0,1	1,4	1,5	0,9	0,7	0,8	1,9	3,2	3,3
2016	0,1	1,7	1,7	2,0	4,0	4,1	0,1	1,2	1,2	0,8	0,7	0,7	1,7	2,8	2,9

LANGVARIGE AVBROT (> 3 min)



Figur 3.1: Avbrotssindikatorar på landsnivå, langvarige avbrot

KORTVARIGE AVBROT (≤ 3 min)




Figur 3.2: Avbrotssindikatorar på landsnivå, kortvarige avbrot


3.3 Leveringspålitelighet og ikkje levert energi

Leveringspålitelegheit er rekna ut som del faktisk levert energi i prosent av berekna totalt levert energi dersom det ikkje hadde vore nokre avbrot. Det vil seie $LE/(LE+ILE)$. Figur 3.4 angir leveringspålitelegheit for 2016.

Figur 3.3 viser utviklinga av ILE i promille av levert energi fordelt på varsla og ikkje-varsla langvarige avbrot, og totalt, sidan 1996. Dei kortvarige avbrota sitt bidrag til ILE er ikkje tekne med i figuren. Av figuren går det fram at mengda ILE som følgje av varsla avbrot har stabilisert seg i perioden 2001–2014, medan mengda ILE som følgje av ikkje-varsla avbrot har større variasjonar frå år til år. Dei viktigaste årsakane til dette er gjevne i avsnitt 1.5.



Figur 3.3: Ikkje levert energi



Figur 3.4: Leveringspålitelegheit


Kapittel 4

Statistikk på spennings- og nettnivå

I denne sammenheng angir spenningsnivå der feilen oppstår og nettnivå der sluttbrukarane opplever avbrot. Alle data i dette kapitlet er for langvarige avbrot. Sjå avsnitt 1.6 for nærare forklaring.

4.1 Historisk fordeling av levert energi per nettnivå

Figur 4.1 og Tabell 4.1 viser levert energi i TWh fordelt på nettnivå der sluttbrukarar er tilknytta for perioden 1995–2016. Dei ulike nettnivåa er forklart i avsnitt 1.6. Figuren viser innrapporterte data for kvart år, inkludert forbruk som kan koplust ut, og er ikkje temperaturkorrigerte.



Figur 4.1: Levert energi (TWh) per nettnivå for perioden 1996–2016

Tabell 4.1: Levert energi (TWh) per nettnivå for perioden 1996–2016

Årstal	Snett	Rnett	Dnett HS luft	Dnett HS blanda	Dnett HS kabel	Dnett LS	Sum
1997	14,37	19,76	11,15	24,95	31,75	-	101,99
1998	6,72	28,92	11,45	27,03	32,10	-	106,23
1999	6,68	28,85	11,95	23,61	35,44	-	106,52
2000	9,53	22,53	11,65	21,58	38,91	-	104,19
2001	9,66	25,20	11,54	20,60	41,36	-	108,36
2002	10,47	24,18	11,22	18,57	43,37	-	107,81
2003	13,92	22,99	10,02	18,41	40,24	-	105,57
2004	18,31	23,65	10,04	19,26	38,20	-	109,46
2005	19,46	22,14	11,01	18,91	40,29	-	111,80
2006	18,84	17,64	9,42	21,35	39,85	-	107,10
2007	19,68	18,09	8,93	21,91	41,05	-	109,67
2008	20,63	15,05	8,19	22,78	43,09	-	109,74
2009	15,27	15,72	8,95	24,08	43,12	-	107,14
2010	15,55	16,27	8,50	26,58	44,57	-	111,48
2011	15,21	14,90	7,91	26,55	42,47	-	107,04
2012	15,94	14,98	8,03	26,70	45,05	-	110,70
2013	16,78	15,36	8,08	28,31	43,59	-	112,12
2014	18,54	15,34	0,11	2,25	5,35	72,85	114,44
2015	18,61	16,98	0,25	0,80	4,10	75,32	116,06
2016	19,62	16,37	0,04	1,36	3,07	77,22	117,68


4.2 Historisk fordeling av ikkje levert energi per nettnivå

Figur 4.2 viser ILE på grunn av varsla og ikkje-varsla avbrot. ILE er gitt på det spenningsnivået der hendinga (driftsforstyrning eller planlagd utkopling) oppstod.


Figur 4.3 viser den innbyrdes fordelinga mellom dei enkelte nettnivå der feilen oppstod. Tabell 4.2 angir ILE i MWh for alle varsla og ikkje-varsla langvarige avbrot fordelt på alle nettnivå for perioden 2001-2016.

Tabell 4.2: Ikkje levert energi (kWh) per nettnivå for perioden 2001-2016, langvarige varsla og ikkje-varsla avbrot

Årstal	Snett	Rnett	Dnett HS luft	Dnett HS blanda	Dnett HS kabel	Dnett LS	Sum
2002	196 290	1 655 564	5 056 166	5 342 625	5 043 617	-	17 294 262
2003	966 300	592 052	7 559 822	6 826 878	4 415 310	-	20 360 362
2004	1 283 800	760 686	4 408 598	5 232 326	2 983 159	-	14 668 569
2005	1 466 110	95 503	4 969 663	5 299 863	3 054 472	-	14 885 611
2006	60 000	450 275	5 719 009	6 205 758	3 420 377	-	15 855 419
2007	877 740	228 981	5 130 022	5 464 573	3 075 374	-	14 776 690
2008	914 832	331 466	4 715 144	6 714 282	2 806 381	-	15 482 105
2009	299	278 869	3 277 022	5 460 687	3 535 205	-	12 552 082
2010	26 357	83 653	3 034 046	5 094 581	2 945 200	-	11 183 837
2011	8 626 685	229 080	8 333 551	14 816 691	5 368 318	-	37 374 324
2012	98 936	597 867	3 373 348	5 535 932	2 180 581	-	11 786 664
2013	8 608 105	280 613	6 627 711	9 624 569	3 280 600	-	28 421 598
2014	187 717	272 076	70 432	279 839	298 578	15 496 160	16 604 802
2015	14 534	865 357	232 808	530 165	398 387	18 786 656	20 827 907
2016	18 925	601 077	15 323	221 243	68 737	13 799 437	14 724 742



Figur 4.2: Ikkje levert energi per nettnivå, langvarige varsla (stiplet) og ikkje-varsla avbrot i perioden 2001–2016




Figur 4.3: Relativ fordeling av ikkje levert energi per nettnivå i perioden 2001–2016

4.3 Historisk fordeling av ikkje levert energi per spenningsnivå


Figur 4.4 viser ILE på grunn av varsla og ikkje-varsla avbrot. ILE er gitt på det spenningsnivået der hendinga (driftsforstyrning eller planlagd utkopling) oppstod. Figur 4.5 viser ei innbyrdes fordeling mellom dei enkelte spenningsnivåa der feilen oppstod. Med unntak av 2011 og 2013 har andelen ILE i distribusjonsnettetelege på om lag 75-85 % av total ILE sidan 2001. Tabell 4.3 angir ILE i MWh for alle varsla og ikkje-varsla langvarige avbrot fordelt på spenningsnivå for perioden 2001-2016.

Tabell 4.3: Ikkje levert energi [kWh] per spenningsnivå for perioden 2001-2016. Langvarige avbrot

Årstal	< 1 kV	1-22 kV	33-110 kV	132 kV	220-300 kV	420 kV	Sum
2002	-	12 795 240	2 176 904	1 030 432	1 291 472	214	17 294 262
2003	-	16 649 593	1 584 036	2 026 419	100 314	-	20 360 362
2004	-	11 616 852	874 903	886 421	1 290 393	-	14 668 569
2005	-	11 946 793	1 040 328	303 070	1 595 420	-	14 885 611
2006	-	12 882 144	1 579 153	1 038 790	140 076	215 256	15 855 419
2007	-	11 782 444	1 287 782	802 251	798 691	105 522	14 776 690
2008	-	13 128 696	922 029	500 146	130 517	800 717	15 482 105
2009	-	10 628 612	662 185	1 186 594	68 024	6 667	12 552 082
2010	-	8 888 052	1 204 398	952 891	24 340	114 156	11 183 837
2011	-	20 766 850	3 672 883	3 265 643	98 169	9 570 779	37 374 324
2012	-	9 780 000	787 705	1 004 916	121 547	92 497	11 786 664
2013	-	16 152 336	1 862 183	1 479 427	287 797	8 639 855	28 421 598
2014	479 387	13 139 572	1 036 281	957 896	41 213	950 453	16 604 802
2015	822 073	15 753 923	1 406 835	2 311 193	295 435	238 448	20 827 907
2016	651 350	11 857 779	1 168 735	911 171	59 813	75 894	14 724 742



Figur 4.4: Ikkje levert energi per spenningsnivå, langvarige varsla (stiplet) og ikkje-varsla avbrot i perioden 2001–2016




Figur 4.5: Relativ fordeling av ikkje levert energi på spenningsnivå i perioden 2001–2016

4.4 Ikkje levert energi per nett- og spenningsnivå i 2016


Tabell 4.4 angir ikkje levert energi for langvarige avbrot fordelt på spenningsnivå. Dataa er grafisk fremmstilt i Figur 4.6 og Figur 4.7.

Tabell 4.4: Ikkje levert energi fordelt på spenningsnivå for feil og nettnivå i 2016.

Ikkje levert energi (ILE) i kWh		Nettnivå sluttbrukar som opplevde avbrot var knytt til					
		Snett	Rnett	Dnett HS luft	Dnett HS blanda	Dnett HS kabel	Dnett LS
Spenningsnivå kor feil som forårsaka avbrot oppstod	420kV	18 925	215	1	475	1 214	55 232
	220-300kV	-	-	126	3 548	1 354	55 771
	132kV	-	507 510	314	564	23 816	386 446
	33-110kV	-	93 390	3 426	180 426	10 520	899 022
	1-22kV	-	-	11 597	36 871	32 435	11 900 566
	< 1kV	-	-	7	83	99	651 347



Figur 4.6: Ikkje levert energi fordelt på nett- og spenningsnivå for sluttbrukarar ikkje tilknytta lågspennetnettet.



Figur 4.7: Ikkje levert energi fordelt på lågspennet distribusjonsnett og spenningsnivå.


Kapittel 5

Statistikk på fylkesnivå

I dette avsnittet er det gitt avbrottsstatistikk på fylkesnivå. Ved å presentere tal på fylkesnivå vil skilnader mellom regionane i landet verte synleggjort.

5.1 Historisk fordeling av levert energi per fylke

Figur 5.1 viser levert energi i TWh fordelt fylkesvis for perioden 2006-2016 og korleis mengda levert energi til sluttbrukarar har endra seg for dei ulike fylka i løpet av perioden.



Figur 5.1: Levert energi (TWh) per fylke for perioden 2006–2016

5.2 Fylkeskart for avbrottsindikatorar


Figur 5.2 og Figur 5.3 viser fylkesvis fordeling for gjennomsnittleg tal på langvarige avbrot per sluttbrukar (SAIFI).

Figur 5.4 og Figur 5.5 viser fylkesvis fordeling for gjennomsnittleg avbrottsvarigheit per sluttbrukar (SAIDI).

Figur 5.6 og Figur 5.7 viser fylkesvis fordeling for gjennomsnittleg gjenopprettingstid per langvarige avbrot (CAIDI).


Avbrottsindikatorane er nærare forklart i avsnitt 1.6

Langvarige avbrot per sluttbrukar (SAIFI) i 2016




Figur 5.2: Fylkeskart SAIFI 2016. Tal på langvarige avbrot per sluttbrukar

Langvarige avbrot per sluttbrukar (SAIFI), snitt 2006-2015




Figur 5.3: Fylkeskart SAIFI 2005-2014. Tal på langvarige avbrot per sluttbrukar

Gjennomsnittleg avbrotstvarighet per
sluttbruker (SAIDI) i 2016




Figur 5.4: Fylkeskart SAIDI 2016. Avbrotstvarighet per sluttbruker

Gjennomsnittleg avbrotstvarighet per
sluttbruker (SAIDI), snitt 2006-2015




Figur 5.5: Fylkeskart SAIDI 2005-2014. Avbrotstvarighet per sluttbruker

Gjennomsnittleg gjenopprettingstid per
langvarige avbrot (CAIDI) i 2016



Figur 5.6: Fylkeskart CAIDI 2016. Gjennopprettingstid per langvarige avbrot

Gjennomsnittleg gjenopprettingstid per
langvarige avbrot (CAIDI), snitt 2006-2015




Figur 5.7: Fylkeskart CAIDI 2005-2014. Gjennopprettingstid per langvarige avbrot

5.3 Ikkje levert energi per fylke


Figur 5.8 viser mengda ILE (kWh) fordelt på varsla og ikkje-varsla langvarige avbrot for 2016.

ILE-tala i Figur 5.9 og Tabell 5.1 gjeld langvarige avbrot og er fordelte på det spenningsnivået der hendinga oppstod. Feil i lågspenningsnettet ble fyrst rapportert inn frå 1.1.2014, og er kun med frå da.


ILE-tala i Figur 5.10 og Tabell 5.2 gjeld langvarige avbrot og viser fylkesvis fordeling av ILE for det nettnivået der sluttbrukarar er tilknytta.



Figur 5.8: Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på varsla- og ikkje varsla avbrot



Figur 5.9: Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på spenningsnivå



Figur 5.10: Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på nettnivå

Tabell 5.1: Ikkje levert energi fordelt fylkesvis på spenningsnivå

